

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/17	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	08.03.2017
024/17	Formannskapet	PS	15.03.2017
022/17	Heradsstyret	PS	29.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	16/2978

Vegnorm for Osterøy kommune

Vedlegg:

Vegnorm for Osterøy kommune_jan17
Vegnorm for Osterøy kommune
Vedlegg 1 - Tverrprofil Samleveg
Vedlegg 2 - Tverrprofil Tilkomstveg
Vedlegg 3 - Tverrprofil gs og privat veg
Vedlegg 4 - Frisikt samlevegar
Vedlegg 5 - Frisikt tilkomstvegar
Vedlegg 6 - Frisikt avkøyrslle
Vedlegg 7 - Detaljar for avkøyrslle
Vedlegg 8 - Busslomme
Vedlegg 9 - Snuplass
Vedlegg 10 - Rekkverk
Vedlegg 11 - Sluser
Vedlegg 12 - Vegoverbygging Samleveg
Vedlegg 13 - Vegoverbygging Adkomstveg
Vegnorm for Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlagt vegenorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune.

Plan- og kommunalteknisk utval - 029/17

PL - behandling:

Annbjørg B. Herland, KRF, gjorde slikt framlegg om endring i 4.13, 1. punktum i andre avsnitt: "Det vert nytta universelt utforma leskur."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik

endring som foreslått i møtet - samråystes tilrådd

PL - vedtak:

"Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune. Punkt 4.13 vert endra slik det er tilrådd i møtet."

Formannskapet - 024/17

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik endring som

foreslått av plan- og kommunalteknisk utval - samråystes tilrådd

FS - vedtak:

"Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune. Punkt 4.13 vert endra slik det er tilrådd i møtet."

Heradsstyret - 022/17

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg vart samråystes vedteke.

HS - vedtak:

"Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune. Punkt 4.13 vert endra slik det er tilrådd i møtet 15.03.17."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har ikkje hatt eigen vegnorm tidlegare. Frå tidlegare har det vore gjort vedtak som har omhandla deler av dei tema som no ligg i den nye vegnorma. Ein kan nemna sak frå 1992 som omhandlar vilkår for overtaking av private vegar til kommunalt vedlikehald.

I regi av Norsk kommunalteknisk foreining NKF er det utarbeida ny felles vegnorm. Osterøy kommune har vore med i dette samarbeidsprosjektet i lag me 11 andre kommunar i Hordaland. Norma er bygd på Kristiansand kommune sin norm samt Vegdirektoratet sine vegnormalar. Norma er i hovudsak lik for kommunane, men vil kunna få lokale tilpassingar. Vegnorma gjev krav til administrative og tekniske bestemmelser samt forutsette og like krav til utbyggjarar. Den gjev krav som skal følgjast for nye vegar som skal byggast for kommunal drift og vedlikehald. Vidare er det retningslinjer for tilstøytande vegareal / anna vegareal som grøfter, skrånningar og byggegrenser samt teknisk gjennomføring av veganlegg. Den set og vilkår for kommunal overtaking av vegar.

Kommunalteknisk Va-norm (vatn, avlaup, overvatn) vart vedteke 20.11.2015.

Vurdering

Vegnorma er ein viktig del i arbeidet med å sikra god kvalitet og lang levetid på veganlegg som kommunen skal drifta. Norma vert lagt til grunn ved planarbeid, byggesaker og når kommunen skal overta veganlegg.

Folkehelse

Den nye vegnorma vil tydeleggjera ein del forhold som vedkjem trafikktryggleik særleg for mjuke trafikantar slik som fortau, gang /sykkelvegar, fartsdumper, avkjørsler mm

Miljø

Ikkje spesielt vurdert

Økonomi

Vil kunna betra kvaliteten på anlegg som kommunen skal drifta og soleis redusera framtidige utgifter.

Konklusjon

Rådmann tilrår av vedlagte vegnorm vert vedteken.